

Gunn Mari Moberg held fram som leiar i Uskedal Utvikling.

12.10.2020



Kjellaren er langt på veg ferdig renoveret. F.v: Jan Erik Olsson, Egil Myhre, Gunn Mari Moberg og Berit H. Døssland.

På årsmøte i Uskedal Utvikling i førre veke vart Gunn Mari Moberg attvald som leiar. Med seg i styret har ho: Egil Myhre, Andreas Tarberg, Oddbjørn Kroka og Remi A. Onarheim. Varamedlemer: Berit H. Døssland, Lisbeth Roseland og Jan Erik Olsson. Reknekapsførar er Alf Hjønnevåg. Medlemstalet er 65

Årsmøte 2020 skulle ha vore i mars månad, men vart utsett til hausten grunna koronasituasjonen. Mange av sakene går over i 2020. Difor er dette innlegget ein status over arbeidet så langt. Frå årsmeldinga tek vi med:

- Arbeidet i kjellaren er langt på veg ferdigstilt og kan delvis brukast
- Med støtte frå SpareBank 1 stiftinga Kvinnherad er det laga handikaptolett
- Uskedal utvikling var med på oppstartsmøte Detaljergulering Børnes og har seinare sendt merknad til planen
- Med bakgrunn i Gjestebod og ope hus er det sendt innspel til Kvinnherad 2050
- Uskedal utvikling saman med Musikklaget var arrangør for Julegrantenninga
- Laget har engasjert seg i bossrydding og planting av blomar langs Fylkesvegen
- Uskedal utvikling har i samarbeid med Korsneset Vel og andre arbeidd for trafiksikring, mellom anna med å få på plass reduserte fartsgrenser gjennom bygda og på dalen
- Ei stor sak i 2019 og vidare inn i 2020 var arbeidet med å få behalda brannstasjonen, noko som førte til eit positivt vedtak
- Vegen til kyrkja og til SPAR er utbetra
- Kafe Tiaren hadde god drift i 2019 og fram til nedstenging i mars 2020.

Reknseskapet syner driftsinntekter på kr. 243.469,- og utgifter på kr. 306.502,-. Nokre av kostnadene er knytta opp til prosjekt. som t.d. oppgradering av kjellaren.

Det vart på årsmøte ikkje gjort endringar i medlemspengar, utleigesatsar og sponsorbeløp.

Nettsida Uskedalen.no syner til eiga melding.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal